

Saksnr: 2019/150-2
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkestinget		17.12.2019

Nye vedtekter for fagskulane i Vestland fylkeskommune**Forslag til vedtak**

1. Vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Samandrag

I samband med samanslåinga til nye Vestland fylkeskommune er det behov for nye og reviderte styrevedtekter for styra for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Etter fylkestingsvalet i 2019 skal også fylkestinget nemne opp nye styrer for den komande valperioden og dette vert handsama i eige sak. Forslag til nye og reviderte styrevedtekter ligg som vedlegg til denne saka og er utarbeidd på bakgrunn av dei eksisterande vedtektene for dei to fagskulestyra i dag, samt tilrådinga som er gjort gjennom sluttrapport i DP 1.8 Fagskule.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Bjørn Lyngedal
påtroppande fylkesdirektør for
avdeling opplæring og kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg Styrevedtekter
- 2 Godkjenningslogg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med samanslåinga til nye Vestland fylkeskommune er det behov for nye og reviderte styrevedtekter for styra for fagskulane. Etter fylkestingsvalet i 2019 skal også fylkestinget nemne opp nye styrer for den komande valperioden og dette vert handsama i eige sak.

Det er to fylkeskommunale fagskular i Vestland fylkeskommune; Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, og prosjektleiar vurderer det slik at det er høveleg med felles vedtekter for dei to fagskulestyra. Forslag til nye og reviderte styrevedtekter ligg som vedlegg til denne saka og er utarbeidd på bakgrunn av dei eksisterande vedtektene for dei to fagskulestyra i dag, samt tilrådinga som er gjort gjennom sluttrapport i DP 1.8 Fagskule.

Delprosjekt 1.8 Fagskule

DP 1.8 Fagskule vart oppretta som eit delprosjekt under delprosjektområde 1 Opplæring. Arbeidsgruppa i DP 1.8 besto av personar frå dei to fylkesadministrasjonane, rektorane ved fagskulane og tillitsvalde.

Arbeidsgruppa hadde følgjande oppdrag:

«Føremålet med delprosjektet er å klarleggje kva som er status i dag og deretter føreslå løysing(ar) ev. innføring/implementering, slik at vi er klare for iverksetting frå 01.01.2020.

Delprosjektet skal ha eit sektorperspektiv, og følgjande grunnprinsipp skal leggjast til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Delprosjektet skal, uavhengig av korleis dette blir løyst i dag, med utgangspunkt i grunnprinsippa tilrå kva prinsipp Vestlandet fylkeskommune skal legge til grunn for organisering, styring og finansiering av fagskuleutdanninga. Ein sentral del av dette er å klargjere fylkeskommunen si rolle som forvaltar, sekretariatsfunksjon og prinsipp for tildeling av tilskot til tilbydarar av fagskuleutdanning. Delprosjektet skal klargjere grensa mellom skuleigar si rolle og ansvar og fagskulestyret si rolle og ansvar.»

Sluttrapporten med tilråding frå påtroppande fylkesdirektør opplæring og kompetanse vart handsama av administrasjonsutvalet 26.11.2019.

Gjennom sluttrapporten i DP 1.8 vart det mellom anna tilrådd at det skulle utarbeidast felles styrevedtekter for dei to styra, samt eit forslag til korleis styra bør vere samansett. Vidare vart det tilrådd at dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune vert slått saman til éin fagskule frå 01.01.2021. Det er fylkestinget som tek stilling til ei eventuell samanslåing, og dersom dette vert vedteke vil det frå 2021 bli oppretta eitt styre for fagskulen i Vestland.

Gjennom delprosjektet vart det gjort ei vurdering av om det var mogleg å ha eitt felles styre for dei to fagskulane utan at dei var slått saman, men fagskulelova krev at ein fagskule skal ha eit eige styre (jf. § 9 første ledd). Dette er også avklart juridisk i fylkessekretariatet i Hordaland og av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT). Vidare vart det gjennom delprosjektet også tilrådd at sekretariatsfunksjonen for den einskilde fagskule skal leggjast til rektorane, slik som det er ved Fagskulen i Sogn og Fjordane i dag. Dette vert såleis ei endring for Fagskolen i Hordaland. For fagskulane vil det vere ein styrke å få handtere saksførebuinga og oppfølginga sjølve, men nærleiken til fylkesadministrasjonen kan verte mindre. For å sikre ei tettare oppfølging av, og kopling til fagskulane vart det derfor tilrådd at det vert oppnemnt ein administrativ eigarrepresentant i dei to styra etter framlegg frå fylkesrådmannen, og at personalansvar for rektorane vert lagt i lina til fylkesadministrasjonen slik som ved dei vidaregåande skulane. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein administrativ representant i styre for Fagskulen i Sogn og Fjordane i dag, men

personalansvaret for rektor er lagt til styreleiar. I Hordaland fylkeskommune er det i dag ikkje ein administrativ representant i styret, men personalansvaret ligg i lina i fylkesadministrasjonen. Tilhøve kring personalansvar for rektorane vert ikkje omtala i styrevedtektene.

Til slutt vart det tilrådd gjennom delprosjektet at styra for fagskulane vert utvida frå 7 til 9 medlemar for å auke frå 2 til 3 arbeidslivsrepresentantar, samt å ha 3 folkevalde eigarrepresentantar og 1 administrativ eigarrepresentant. Av dei folkevalde vert det også tilrådd at ein av medlemene vert velt blant medlemar i hovudutval for opplæring og kompetanse og ein medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Dette er praksis i dag både i Hordaland og Sogn og Fjordane og bidreg til perspektiv knytt til opplæringssektoren, næring og regional kompetansepolitikk. I høve til arbeidslivsrepresentantane vert det tilrådd at desse vert velt etter framlegg frå fylkesrådmannen som finn aktuelle medlemar direkte frå regionalt arbeids- og næringsliv. Ved framlegg av medlemmer vil det verte lagt vekt på å finne kandidatar med bakgrunn i arbeidsliv eller ein næring som stør opp om fagskulane sin strategiske utvikling i høve til å styrke ulike kompetanseområder eller å utvikle nye.

Om forslag til vedtekter for styra

Vedtektene viser kva kompetanse fylkestinget som eigar har i høve til å opprette, avsetje og søgje for finansiering av fagskulane. Gjennom vedtektene kan også skuleigar gje styringssignal og dette kjem fram av § 2-1 første ledd i forslag til vedtekter. Vidare viser vedtektene kva kompetanse og ansvar styra har for fagskulane jf. fagskulelova. T.d. skal styra tilsette ein rektor, vedta årleg kva utdanningar som skal startast opp og ha ansvar for studentane sitt fysiske og psykiske læringsmiljø.

Jf. fagskulelova § 10 skal eit styre for ein fagskule ha minst 7 medlemar med følgjande samansetning:

- To medlemar skal ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv.
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette.
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane.
- Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane.
- Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

Med bakgrunn i tilrådinga i DP 1.8 vert det føreslått å ha 9 medlemar i styra for fagskulane som følgjer:

- Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemar.
- Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
- Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
- Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
- Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.

Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

Vidare vert det føreslått i vedtektene at fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeidslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeidslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar jf. fagskulelova § 10.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget er skuleeigar og fastset vedtekter for styra for Vestland fylkeskommune sine eigne fagskular. Krav til samansetning av styra, og styra sin kompetanse kjem fram av lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) av 08.06.2018.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget og tilrådinga i sluttrapport for DP 1.8 tilrår prosjektleiar at forslag til styrevedtekter for dei to fylkeskommunale fagskulane i Vestland vert gjeldande for dei nye styra for fagskulane i Vestland.